



Nissedal, 18.11.25

Til

Vinje kommune – v/kommunedirektør

Klage – Detaljregulering - Flåmyrane III, – Vinje kommune.

PlanID 20220001

Naturvernforbundet i Vest-Telemark (NVVT) vil med dette klage på vedtaket i saka. Denne planen kan ikkje vedtakast i den tida vi lever i nå, og med den faktakunnskapen vi har. Både når det gjeld villrein, myr og boreal hei. Det vert arbeid med – på nasjonalt nivå – tiltaksplanar for villrein og forbud mot nedbygging av myr. Då er det både ulogisk og innkonsekvent å legge til rette for meir ferdsel i randsoner til villreinområder og inn i villreinområder – samt bidra til meir nedbygging/ødelegging av myr.

NVVT har i det lengste tenkt og håpa at det politiske fleirtalet tok innover seg faktagrunnlaget som ligg tilgjengleg – eit faktagrunnlag som må brukast. Viser særleg til **villreinen** som vi har eit særleg ansvar for. Saka vedr. tiltaksplanar for villreinen har akkurat vore ute på høyring, regjeringa meiner at det må kraftige tiltak til - i form av begrensing på menneskeleg aktivitet inn i, og nært opp mot villreinområder. **Vinje kommune** har ved å vedta denne planen – lagt til rette for auka ferdsel i randsoner til villreinområder, og inn i villreinområder.

Skal ein oppnå det regjeringa ønsker – dvs gjere grep i positiv retning for villreinen, så kan ingen kommunar fatte vedtak som legg til rette for det motsatte. Heller ikkje Vinje kommune.

Så tida for fortsatt hytteutbygging i randsona til villreinområde - er forbi. Den hytta som nå ikkje er bygd – skal ikkje byggast.

I tillegg vil denne planen bidra til nedbygging av **myr**. NVVT minnar om at **Miljødirektoratet** har sak om forbud om nedbygging av myr ute på høyring. Forbudet kjem.

NVVT viser også til råda frå **Statsforvaltar tidlegare i prosessen – samt felles brev til alle kommunane i Vestfold og Telemark frå Statsforvaltar (den 21.03.25)**, med ei innskjerping av bruken av naturmangfaldslova i lokal arealforvaltning. Vi hadde eit håp om at **Vinje kommune** tok dette innover seg – og fulgte opp. Dessverre så viser det seg igjen at

kommunen – det politiske fleirtal og sakshandsamar - ikkje er seg sitt ansvar bevisst. Næring trumfar natur som tidlegare.

Natur- og klimakrisa ligg i botn – og vert meir og meir alvorleg – fortsatt hyttebygging i slike sårbare områder bidreg til akselerasjon av desse krisene. Det er uforståeleg at ansvarlege politikarar og sakshandsamarar – lokalt og nasjonalt, ikkje forstår og handlar etter desse uomtvistlege fakta.

Fakta og klagegrunnlag:

- Saka vart handsama i **kommunestyret 21.10.25**. Dei **godkjente** - mot sju stemmer – detaljreg.plan **Flåmyrane III, det opnar opp for 153** nye hyttetomter midt mellom to villreinområder – i myr – i/ved vass-spegjar og boreal hei.
- I planomtala frå 2022 er det etter **NVVT** sitt syn gjort ei svært overflatisk vurdering av naturmangfaldslova. At **villreinen har kome på raudlista, og er vår ansvarsart**, er ikkje nevnt med eit einaste ord i saka. **Viser til vedlegg frå planomtala – s. 40 – 41.**
- Vinje kommune v/kommunedirektøren har i eit vedlegg – **datera 13.05.25** gjort ei vurdering av planen opp mot **Naturmangfaldlova paragrafane 8-12.**
Kommunedirektøren peikar på nært truga raudlisteartar av nasjonal forvaltningsinteresse – som **villrein, flekkgrisøre og heilo i tillegg til myr, vasspegjar og boreal hei, men tilrår likevel utbygging. Dette framstår som ein «logisk brist».**
Det er slik tilnærming til sårbar natur og naturmangfald, som har ført oss inn i natur- og klimakrise.
NVVT klagar på at kommunedirektøren/sakshandsamar ikkje tek konsekvensen av sine vurderingar – når han skriv tilråding.
- Det skal også opnast for fortetting i eksisterande felt, dette vil naturlegvis auke ferdsla ut av desse hyttefelt, og inn i villreinområda - i betydeleg grad. Kanalisering av ferdsla kan i beste fall begrense auken, men trykket inn i villreinområda vil samla sett auke. Når så alle varselamper vedr. **villrein** blinkar raudt – kan ikkje lokal arealforvaltning legge til rette for dette. Dette er i strid med tiltaksplanane for å bevare villreinen som er under arbeid.
- Planen legg opp til bygging i myr og vasspegjar – i strid med ny kunnskap og faktagrunnlag. I tillegg veit alle som har gått i natur – at myrområder er større og fleire enn det som kjem fram på kart.
- Planområdet består av boreal hei.

Oppsummering:

Statsforvaltar skreiv si fråsegn **23.01.25**, der miljødirektøren – **under tvil**, valde å ikkje fremje motsegn på bakgrunn av vedtekne overordna planar. Sidan då har det kome kritikk frå **Sivilombudet** - vedr. anvendelsen/bruken av naturmangfaldslova. Dette har resultert i eit brev frå **Statsforvaltar** til kommunane – datera **21.03.25**.

NVVT klagar på Vinje kommune sitt reguleringsvedtak i kommunestyret med bakgrunn i dette brevet.

Det er Statsforvaltar som har både ansvar for – og plikt til å sørge for at lokal forvaltning fylgjer vedtekne lover, reglar og retningslinjer. Dette gjeld også naturmangfaldslova. Det hjelper åpenbart ikkje med råd til kommunen – det må handling i form av utvetydlege krav og påbud - NÅ.

Tankegangen om at villreinen, myra og anna arts mangfald tåler «litt meir» nedbygging av natur – er farleg. Villreinen – som vi har eit særleg ansvar for treng handling nå – vi må sørge for mindre ferdsel og anna menneskleg påverknad i villreinområda – ikkje «litt meir».

Vi har ei natur- og klimakrise som krev handling frå oss. Det er ein god start å fylgje naturmangfaldlova.

Til slutt:

NVVT viser til Sivilombudets utsegn i sak 2024/1708 (Statsforvaltar):

«En kommune er ikke bundet til å vedta en reguleringsplan for å følge opp en utvikling som er forutsatt, eller lagt til rette for i kommuneplanens arealdel. En endring av en planlagt arealdisponering kan for eksempel være begrunnet i at et oppdatert kunnsapsgrunnlag tilsier en annen vurdering, eller at det har skjedd endringer i politiske vurderinger. Slike endringer kan som hovedregel foretas uten at det fører til noe krav om økonomisk kompensasjon fra eventuelle tiltakshavere»

Helsing

Torfinn Sanden

Naturvernforbundet i Vest-Telemark